



Garderobane i Aktivitetshuset vil venteleg bli påbegynt om en liten månad. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fagkoordinator Sissel Aarseth ved kulturkontoret i kommunen har no sendt den varsla søknaden til fylkeskommunen om eit års utsettjing av fristen for ferdigstilling av Uskedalen Aktivitetshus.

Fylkeskommunen kom i slutten av september eit tilsynelatande dramatisk varsel om inndraging av spelemidlane som er innvilga – 3.516.000 kroner – seks veker etterpå. Men det var berre ein formalitet og det blir ikkje noko problem å få utsettjing. Det har leiinga for Aktivitetshuset opplyst – seinast i møtet på Gamleskulen i førre veka. - Det er ingen fare og vi har midlane, sa Erlend Moen på møtet.

Aarseth opplyser i søknaden at styret for huset kom til kommunen i august og ba om utsettjing av fristen på to år for ferdigstilling. Grunngevinga for dette var at det er ein pressa byggemarknad i Kvinnherad for tida og at utbyggjaren ventar på fagfolk som skal ta siste del av arbeidet på garderobane, som ikkje er eigna for dugnad. Venteleg vil fullføringa skje i november, opplyser Aarseth i søknaden. Anlegget er elles ferdig og teke i bruk, skriv ho.

Utbyggjaren arbeider no også med å ferdigstille rekneskapen så langt. Når arbeidet med garderobane er fullført, vil ein vera klar til å be om revidering av rekneskapen og ferdiggodkjenning av anlegget, skriv Aarseth.

Erlend Moen opplyser til uskedalen.no at det er garderobeanlegget og ventilasjon i denne delen av bygget som står att. Han voner at dei kjem i gang med dette om ein liten månad og så vil det gå slag i slag framover, Samstundes med dette vil dei utbetra nokon manglar som vart påvist ved det siste branntilsynet.


- Kva er så gjort i huset dette året?
- På nyåret hadde vi ein omfattande takreparasjon på det gamle materialrommet og det vart gjort på dugnad. Taket måtte rivast og byggjast opp pånytt.

No er golvet er nylakkert og det er merka opp baner for volleyball, minihandball og basketball. Det er kjøpt inn to minihandball-mål og det skal kjøpast inn to basketkorgar til.

Trimrommet er ferdig og vi arbeider no med å få til ei løysing for drift av rommet og kjøp av utstyr. Kjøkenet og kiosken er straks ferdig til bruk med enkel kokemogelegheit og vask.

Ellers er det litt småflikking som står att og som også tas samstundes med dei store sakene. Eg siktar til manglande listing her og der og fuging av flisar, seier Moen.

Av Ola Matti Mathisen



Erlend Moen gler seg over at Aktivitetshuset snart er ferdig. (Foto: Ola Matti Mathisen)